

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr. 1 - 7

Herad: Tolga

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Vingelen

Oppskr. av: Eystein Eggen

Gard: ingen

(adresse): Vingelen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eiga røynsle og etter forteljingar frå eldre folk i bygda.

## SVAR

- 1 ) Ris er den vanlege nemninga på dette forslaget her i bygda. Det har vori nytta som hjelpefor til buskapan sea folk byrja med fedrift og brukast enno. Ved nemninga ris meiner ein berre ~~gkxkxk~~ greiner og toppar av bjørk utan knoppar eller lauv slik som bjørka ser ut vinters tid.
- 2 ) Riset fylgjer med når bjørka blir hoggen i skogen om vintrane. Dei kuttar kvistane av henne med øks, legg stommene først på sleden og riset ovanpå. Dei brukar ein vanleg langsleder med to reip. Så køyrer dei lasset heim som eit vanleg vedlass.
- 3 ) Riset blir henta heim helst på etterjulsvinteren eller på vårparten medan føret er høveleg for slede. Ein brukar aldri å ta heim heile treet ukvista. Ein fær betre skapnad på lasset ~~kxkx~~ ved å kutta kvisten og toppane av der ein hogg treet.
- 4 ) Lenger ut på våren brukar ein å henta ris frå skogen utan å ta med stommene. Dei hogg ned bjørka, kvistar henne med øks, og så hogg dei mindre kvistar av greinene med sigd ( skjurru, ei ). Desse mindre kvistane blir samla i eit bere - taug og bore heim på ryggen. Ein brukar sjeldan hest eller slede til dette riset som blir hogge i skogen innagjerdes eller så nær garden som mogeleg.
- \* 5 ) Riset blir helst nytta til storfeet. Det blir ikkje finhakka til sau eller geit eller kler blanda med anna hjelpefor.
- 6 ) Riset blir lagt i ein haug ( rishaugen ) og ein hogg det av med sigd etter kvart som dyra treng det. Sigda eller skjurrua er ein stor kniv med ein krok frampå. I gamle dagar slepte dei ut småfeet om vintrane så det fekk høve til å finna seg ris eller gnag på eiga hand. No er det sjeldan ein ser småfeet ute vinters tid. Får brukte å løysa heile buskapan to - tri vender midt på vinterten, men det var mest for at storfeet skulde få frisk luft.

Skikken med å henta heim langfredags ris på den måten som er nemnt i spørsmål 7 har ikkje vori nemnt av gamalt folk i mi tid . Det er sagt at i gamle dagar fekk borna ris på senga langfredagsmorgonen~~x~~ . Derav kan ein slutta at riset har sin tradisjon på denne dagen . I oppvokstren min var det ris å få når ein gjorde noko galt eller ulovleg.

No er det meir slutt med å risa ~~borna~~ borna .

Far brukte aldri å risa oss borna, men eg minnest ein gong han sto ute i rishaugen og braut laus kvister omlag som om han verkeleg hadde tenkt å gjeva oss ei risbastu, men det vart ikkje noko av .

Det var berre for å skrema oss .

I samsvar til spørsmål 4 kan eg no etter å ha tala med ein gamal mann i bygda fortelja at folk brukte å fara til skogen utpå vårparten for å henta ris til storfeet med slede . Da hogg dei bjørka ned, kvista henne og la att stommene . Riset vart så køyrd heim for seg . Bjørka låg att til ut på subaren . Da berka dei henne og reiste henne opp til turk . Denne måten brukast enno . I utkanten av bygda er det ein skogpart som dei kallar Betmyra.

Der har det vori rishogst frå gamalt av.